

ISBN 978-82-7545-208-3


PLAN FOR DIAKONI



DEN NORSKE KYRKJA

Visjonen for den diakonale tenesta til Den norske kyrkja

Guds kjærleik til alle menneske og alt det skapte, verkeleggjord gjennom liv og teneste.



1. Innleiing

Diakoni er omsorgstenesta til kyrkja. Diakoni er evangeliet i handling og blir uttrykt gjennom *nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd*. Hovudmålet med Plan for diakoni er at han skal vere retningsgivande for den diakonale refleksjonen og til hjelp i arbeidet med å utarbeide lokale planar. [Sjå s. 3-4](#)



2. Det teologiske grunnlaget i diakonien

Diakonien er forankra i trua på Den treeinige Gud. Mennesket er skapt i Guds bilete til å vere medmenneske. Å gjere trua verksam i handling er å spørje på ny og på ny: «Kven er nesten min?» [Sjå s. 5-6](#)



3. Arbeidsformer, roller og metodar

Dei diakonale tiltaka i kyrkjelyden kan rette seg både mot lokalbefolkninga generelt og mot kyrkjemedlemmer spesielt. Sjå – vurdere – handle er éin mogleg metode for diakonalt arbeid. [Sjå s. 7-9](#)



4. Lokalt planarbeid

Kapittelet er inndelt etter dei fire temaa i diakonidefinisjonen og tek for seg korleis kyrkjelyden kan kartlegge, analysere og setje i verk tiltak. Spørsmål under kvart tema skal hjelpe kyrkjelyden med mellom anna å tilpasse til lokale forhold og sørge for involvering. [Sjå s. 10-11](#)

4.1 Nestekjærleik

Nestekjærleik i praksis handlar både om små, enkle handlingar og om store, krevjande tiltak. Nestekjærleik kan utøvast praktisk mellom anna ved å tilby rom for kvile og samtale, forkynne og løfte menneskeverdet og førebyggje vald. [Sjå s. 12](#)

4.2 Inkluderande fellesskap

Vi er skapte for fellesskap. Å styrkje band mellom folk og knyte nye der forhold er øydelagde, er ei diakonal utfordring. I gode fellesskap er det rom for å yte og ta imot, og det er plass til mangfaldet. [Sjå s. 13](#)

4.3 Vern om skaparverket

Det er mange måtar å auke livskvaliteten på og samtidig minske klimafotavtrykket. «Grøn kyrkjelyd» er eitt av mange tiltak. [Sjå s. 14](#)

4.4 Kamp for rettferd

Kyrkja er kalla til å utfordre urett og maktmisbruk. Kyrkja må kjempe for rettferd og solidaritet saman med dei som er ramma av fattigdom og urett. [Sjå s. 15](#)



5. Ansvar, leiing og frivillig arbeid

Soknerådet har ansvar for planarbeidet, men kan delegere arbeidet til eit utval eller ei arbeidsgruppe. Ein føresetnad for at ein plan skal bli gjennomført, er at han blir følgd opp med eit budsjett og ein strategi. Alle ledd i kyrkja har ansvar. God organisering av det frivillige arbeidet bidreg til mangfald, engasjement og fleire ressursar. [Sjå s. 16-19](#)

INNLEIING

Visjonen for den diakonale tenesta til Den norske kyrkja

*Guds kjærleik til alle menneske og
alt det skapte, verkeleggjord
gjennom liv og teneste.*

Kyrkja er diakonal av vesen, og diakoni er ein integrert del av identiteten og oppdraget til kyrkja. Diakoni er eit av kjenneteikna på kyrkja og pregar kyrkja i samfunnet, kyrkjefelleskapet og livet til den enkelte. Diakoni er heilt avgjerande for at Den norske kyrkja skal kunne realisere visjonen «Meir himmel på jord». →

Slik definerer Den norske kyrkja diakoni:

Diakoni er omsorgstenesta til kyrkja. Diakoni er evangeliet i handling og blir uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd.

Hovudmålet med Plan for diakoni er at han skal vere retningsgivande for den diakonale refleksjonen og til hjelp i arbeidet med å utarbeide lokale kyrkjelydsplanar. Ein må omarbeide, konkretisere og tilpasse dei fire diakonale temaa i definisjonen etter lokale behov og føresetnader. Det er òg nødvendig å gjere ei prioritering innanfor kvart tema. Jo fleire som bidreg til å skape den lokale diakoniplanen, jo fleire kan få eit eigarforhold til han. Særleg dei som er målgruppa for tiltak og aktivitetar, bør involverast i planprosessen. Men diakoni er ikkje berre tiltak og aktivitetar. Diakoni er òg ein dimensjon. I diakonale organisasjonar og institusjonar kan det komme til uttrykk gjennom verdigrunnlag, organisering og identitet. I kyrkjelyden kan denne dimensjonen uttrykkjast gjennom gudstenestefeiring, forkynning, trusopplæring og barne- og ungdomsarbeid.

Plan for diakoni er primært retta mot kyrkjelyden si diakonale verksemd i lokalsamfunnet. Samtidig er det eit ønske at planen skal vere relevant for institusjonar og

organisasjonar, og at gjensidig samarbeid kan styrkjast. Diakoniplanen legg vekt på ei grunnlagstenking om diakoni som etter kvart har vunne fram i Den norske kyrkja. Han underslår likevel ikkje dei mange variasjonane og tradisjonane som til saman utgjer ein givande heilskap.

I det økumeniske arbeidet har diakonien ein sentral plass. I dag legg ein meir vekt på kva som kan gjerast saman, enn på kva som skil teologisk. Internasjonalt kjem dette til uttrykk ved at Kyrkjenes verdsråd og Det lutherske verdsforbundet har styrkt det diakonale samarbeidet med andre kyrkjer og trussamfunn mellom anna i arbeidet med klima og flyktningar. Den same tendensen finn vi i Noreg.

2030-agendaen med berekraftsmåla representerer ein felles agenda som kyrkjene deler med statar, kommunar, næringsliv og ulike aktørar i sivilsamfunnet i kampen mot fattigdom og for å verne om livet på jorda og

skape fredelege og berekraftige samfunn for alle. Mange av måla har tema som kyrkjer har vore opptekne av og kjempa for i lang tid. Derfor er dei eit nyttig rammeverk både for å tolke kyrkja sitt eige samfunnsengasjement og for å utvikle – og seinare fordjupe – samhandling med kommunar og andre aktørar.

Berekraftsmåla til FN:



Sidan fór Jesus omkring i heile Galilea; han underviste i synagogane deira, forkynte evangeliet om riket og lækte all sjukdom og plage hos folket.

Matteus 4, 23

«Kven av desse tre tykkjer du viste seg som ein neste for han som fall i hendene på røvarane?» «Den som viste miskunn mot han», svara den lovkunnige. Då sa Jesus: «Gå du og gjer som han.»

Lukas 10, 36-37

For når heidningane, som ikkje har lova, av naturen gjer det lova krev, då er dei seg sjølve ei lov, endå dei ikkje har lova. Dei viser med dette at det lova krev, står skrive i hjarta deira. Samvitet deira vitnar òg om det, når tankane deira anten skuldar dei eller forsvarar dei.

Romarane 2, 14-15

Gud velsigna dei og sa til dei: «Ver fruktbare og bli mange, fyll jorda og legg henne under dykk! De skal råda over fiskane i havet og over fuglane under himmelen og over alle dyr som det kryr av på jorda.»

1. Mosebok 1, 28

«Kva vil du eg skal gjera for deg?» «Herre, lat meg få synet att!» svara han.

Lukas 18, 41

For liksom kroppen er éin, endå han har mange lemer, er alle lemene éin kropp, endå dei er mange. Slik er det med Kristus òg.

1. Korintarbrev 12, 12

‘For eg var svolten, og de gav meg mat; eg var tørst, og de gav meg drikke; eg var framand, og de tok imot meg; eg var naken, og de kledde meg; eg var sjuk, og de såg til meg; eg var i fengsel, og de vitja meg.’ Då skal dei rettferdige svara: ‘Herre, når såg vi deg svolten og gav deg mat, eller tørst og gav deg drikke? Når såg vi deg framand og tok imot deg, eller naken og kledde deg? Og når såg vi deg sjuk eller i fengsel og vitja deg?’ Men kongen skal svara dei: ‘Sanneleg, eg seier dykk: Alt de gjorde mot eit av desse minste syskena mine, det gjorde de mot meg.’

Matteus 25, 35-40

KAPITTEL 2

DET TEOLOGISKE GRUNNLAGET I DIAKONIEN

Den teologiske forankringa i diakonien er den kristne trua på Den treeinige Gud. Gud skapte og skaper, frelsar og fornyar mennesket og heile skaparverket. Mennesket er skapt i Guds bilete til å vere medmenneske. Alle menneske er overgitt til kvarandre og er avhengige av kvarandre og av jorda. Ingen lever av seg sjølv eller for seg sjølv. I kraft av skapinga er oppdraget til alle menneske å forvalte skaparverket og leve i nestekjærleik med kvarandre. →

DET TEOLOGISKE GRUNNLAGET I DIAKONIEN

All diakonal omsorg byggjer på gjensidigheit, likeverd og respekt for den andre.

Kyrkja har fått i oppdrag å tene menneska og heile skaparverket. Truvedkjenninga til Den treeinige Gud og trua på at Gud blei menneske i Jesus Kristus, er fundamentet for diakonien i kyrkja. Fordi Gud i Jesus blei menneske, levde eit liv som viste menneska kven Gud er, og vann over døden og dødskreftene, blir vi frigjorde til eit nytt liv i nestekjærleikstenesta. Jesus levde og verka i kvardagen til folk. Der lækte han sjuke, stod opp for folk i utsette livssituasjonar, refsa dei som hadde makt, og viste omsorg (Matteus 4,23).

Den heilage ande skaper og styrkjer trua og gjer menneska klare til innsats. Den heilage ande gir kyrkja og enkeltmennesket kraft og mot til å handle på Guds kall til teneste i verda. Dåpen gir del i Kristus, og den døypte blir del av den verdsvide kyrkja og det kristne fellesskapet. I nattverden blir dåpsfellesskapet med Kristus fornya, folk får tilgiving, fornying og håp for framtida, og dei blir sende ut i kvardagen til teneste for skaparverket og alle menneske. Denne sendinga gjer kyrkja til ei tenande eller diakonal kyrkje og er ein dimensjon ved sjølvforståinga til Den norske kyrkja. Oppdraget må gjennomsyre livet og tenesta i heile kyrkja og komme til uttrykk i haldning og handling, ord og bøn.

Å gjere trua verksam i handling betyr å spørje på ny og på ny: Kven er nesten min? (Lukas 10,25–37) Det er å stille seg til disposisjon, både som fellesskap og enkeltperson, og spørje: «Kva vil du eg skal gjera for deg?» (Lukas 18,41). Det er å dele fellesskap og ressursar med marginaliserte, sjuke, svoltne, tørste og isolerte (Matteus 25,35ff). Oppdraget med å gjere det gode er nedlagt i alle menneske (Romarane 2,14). Kristus kallar til felles teneste med alle menneske, til det beste for menneska og jorda.

Nestekjærleik lever mellom menneske. I enkelte periodar i livet har vi evne og høve til å gi, andre gonger treng vi sjølv å få. Ein del av diakonien er å bere byrdene for kvarandre. Livsvilkåra er ulike. Nokre har det vanskelegare enn andre, og alle har ikkje like gode høve til endring. All diakonal omsorg byggjer på gjensidigheit, likeverd og respekt for den andre.

Inkluderande fellesskap er eit viktig uttrykk for den medmenneskelege omsorga til kyrkja. Kyrkja er ein kropp med mange ulike lemmer (1. Korintarbrev 12). I dette fellesskapet møtest eit stort mangfald av menneske. I eit inkluderande fellesskap skal den enkelte

både sjå og bli sett. Der blir det gitt gjensidig trøyst og hjelp, der blir nye krefter frigjorde, og ein får nytt håp.

Gud vil at mennesket skal ta vare på jorda. Menneskeleg aktivitet og ressursbruk truar no plantar og dyr, livet i havet og mennesket sjølv. Når det står i 1. Mosebok at vi skal fylle jorda og leggje henne under oss, betyr det at mennesket skal bruke ressursane på jorda, ikkje at vi skal drive overforbruk. Kyrkja forstår mennesket som avhengig av alle relasjonar: til Gud, til medmenneska, til seg sjølv og til resten av skaparverket. Engasjement for klima og miljø er ei følgje av ei slik forståing. Innsikt i samiske tradisjonar kan vere ei hjelp til å forstå dette.

Kampen for rettferd inneber eit aktivt engasjement for medmenneske. Det er derfor nødvendig å ha klart for seg årsakene til nød og lidning. Ein del av oppdraget til diakonien er å bidra til å endre samfunnsstrukturar som tek livsmoglegheitene frå folk. Å vise solidaritet er å ta opp kampen for rettferd og fred.





KAPITTEL 3

ARBEIDS- FORMER, ROLLER OG METODAR

Kyrkja er ein del av samfunnet lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Det er nødvendig å ha klart for seg kva som er diakoniens eigenart, og kva moglegheiter og avgrensingar som ligg i han. Innsatsen kan vere retta mot omsorg og fellesskap eller mot forandring og problemløysing. Eit overordna perspektiv er at diakonien står saman med alle menneske av god vilje i arbeidet for ei betre verd. →

ARBEIDSFORMER & ROLLER

Diakoni i kyrkjelyden

Diakonien kjem generelt til uttrykk i mange situasjonar i kvardags- og kyrkjelydslivet. Gjennom livet vil vi alle komme i situasjonar der vi treng andre. Både den enkelte og fellesskapet blir utfordra til handling når medmenneske møter små og store kriser.

Diakoni i menigheten

Kyrkjelydane har særlege moglegheiter i lokalmiljøet på grunn av banda mellom kyrkje og folk. Kyrkja er på ein særleg måte kalla til å møte dei åndelege behova til mennesket. Gjennom kyrkjelege handlingar kjem dei tilsette i kyrkja i nærkontakt med fleirtalet i befolkninga. Diakoni er ein dimensjon i alt som skjer i ein kyrkjelyd. Samtidig blir diakoni organisert i egne tiltak og aktivitetar.

Gjennom dåp, konfirmasjon, vigsel og gravferd møter kyrkja folk i livssituasjonar som utfordrar til diakonalt nærvær og engasjement. Det skjer òg i gudstenesta, kulturelle aktivitetar, trusopplæringa og barne- og ungdomsarbeidet. Dei diakonale tiltaka i kyrkjelyden kan rette seg både mot lokalbefolkninga generelt og mot kyrkjemedlemmer spesielt. Dei kan vere komplementære til eller utfylle offentlege tenester.

Samarbeid med ulike aktørar

Kyrkja samarbeider med andre aktørar på ulike måtar. Den enklaste forma er å utveksle informasjon og rådføre seg med kvarandre. Vidare kan ein samordne tiltak, byggje nettverk eller drive tiltak saman. Omgrepet «samskaping» blir brukt om ei arbeidsform basert på likeverdig samarbeid mellom offentleg sektor, fagmiljø, frivillig sektor og innbyggjarane. For den lokale kyrkja kan samskaping som arbeidsform vere eit supplement til det eksisterande samarbeidet med kommunen og dermed vitalisere samarbeidsforholdet til kommunen. Fellesrådet kan gjennom samarbeidsforholdet til kommunen bidra til at kyrkje og kommune møtest på arenaer der samskaping og sosial innovasjon kan utvikle seg.

Påverknadsarbeid

Med bakgrunn i innsikta og erfaringa som møtet med menneske i ulike livssituasjonar gir, har kyrkja eit ansvar for å vere pådrivar overfor myndigheiter og avgjerdstakarar. Når menneskeverdet står på spel, eller når personar eller grupper har behov for å formidle erfaringane sine, kan kyrkja vere ein pådrivar gjennom involvering, dialog og ytringar i det offentlege rommet.

Spesialisert og internasjonal diakoni

Den spesialiserte diakonien finn stad i dei mange diakoniinstitusjonane og diakoniorganisasjonane som nasjonalt og internasjonalt driv verksemda si på vegner av kyrkja. Dei er gjerne organiserte utanom kyrkja som organisasjon og handlar ofte på oppdrag frå det offentlege. Oppdraga blir nokre gonger løyste i nært samarbeid med kyrkjelydar.

Mange av dei diakonale utfordringane er internasjonale. Kirkens Nødhjelp jobbar med humanitære katastrofar, langsiktig forbetring av levekår og solidaritetsarbeid på oppdrag frå Den norske kyrkja. Gjennom mellom anna Fasteaksjonen deltek kyrkjelydane i dette arbeidet. Både på lokalt kyrkjelydsnivå og på nasjonalt plan støttar kyrkja dessutan bistands- og solidaritetsarbeidet til misjonsorganisasjonar og andre diakonale organisasjonar. Kyrkja sitt arbeid med menneskerettar, klima og berekraftsmåla skjer i samarbeid med globale økumeniske organisasjonar og er ein del av den internasjonale diakonien.



Metoder


Metode er ein planmessig framgangsmåte for å løyse ei utfordring. I utforminga av ein plan er prosessen like viktig som sluttproduktet. Det finst mange gode metodar både i norsk og internasjonal kontekst, og i arbeidet med lokal plan står ein fritt til å velje framgangsmåte. Med inspirasjon frå mellom anna Kyrkjenes verdsråd og Det lutherske verdsforbundet er fleire diakonale metodar blitt tilgjengelege for norske kyrkjelydar. Her presenterer vi éin av dei:

Sjå-vurdere-handle er ein tretrinns diakonal arbeidsmetode med røter i Latin-Amerika. I metoden er det sentralt å fremje medverknad, myndiggjering og høve til konkret handling. Målet er å byggje eit samfunn som er rettferdig og godt for alle. Ein blir utfordra til å vere bevisst på dei rådande maktforholda, utfordre strukturar som fremjar urett, og gi rom for dei stemmene som vanlegvis ikkje blir høyrde. Folk som utfordringane påverkar personleg, er sentrale aktørar i prosessen med å definere problem og løysingsstrategiar.

Å *sjå* betyr at ein gjer ein grundig analyse av den noverande situasjonen ved hjelp av samfunnsvitskapeleg metode og andre disiplinær. Det er viktig å få fram ulike erfaringar og perspektiv. Korleis oppfattar folk i utsette livssituasjonar denne situasjonen? Kva slags erfaringar har ein frå eigen diakonal praksis og frå andre som engasjerer seg for endring og utvikling?

Å *vurdere* saman inneber i denne metoden å vurdere det ein kom fram til i førre trinn, ut frå eit teologisk perspektiv. I lys av budskapet i Bibelen, korleis utfordrar det oss at menneska og skaparverket er utsette? Korleis blir kyrkja utfordra til handling? Dette arbeidet kan hjelpe kyrkja til å bruke den profetiske stemma si og peike på urett.

Å *handle* gjer vi ved å nytte innsikta frå den førre kartlegginga og vurderinga til å utforme konkrete tiltak og aktivitetar. Dei kan vere retta mot heile lokalsamfunn, grupper eller enkeltmenneske. Medverknad i planlegging så vel som i handling er ein viktig verdi i arbeidet.



Metoden er sirkulær. Det vil seie at handlingane gir grunnlag for igjen å sjå, vurdere og handle, revidere måten ein handlar på, og ta vare på det som er godt.



KAPITTEL 4

DIAKONALE UTFORDRINGER I PRAKSIS – LOKALT PLANARBEID

Med utgangspunkt i dei fire temaa i diakoni-definisjonen kan vi kartleggje, analysere og endre dagens situasjon gjennom konkret handling. Kapitlet er derfor bygd opp omkring temaa *nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket* og *kamp for rettferd*. Det kan vere diakonale utfordringar ved fleire av temaa samtidig. →

STRATEGISKE SPØRSMÅL

Korleis påverkar samfunnsutfordringane oss som kyrkje, og på kva måte utfordrar det oss til handling og engasjement? Lokale planar må ta utgangspunkt i dei kontekstuelle forholda. I arbeidet kan vi ha nytte av å stille nokre av spørsmåla nedanfor.

Refleksjon rundt desse spørsmåla i sokneråd, diakonitval og stabar saman med dei det gjeld, kan gi oss hjelp til å prioritere det som er viktigast. Det er òg avgjerande at dei som blir særleg påverka av utfordringane, er involverte i heile prosessen. Då kan vi utvikle eit arbeid i takt med behova og ressursane til kyrkjelyden eller institusjonen.

Kvar er ressursane?

- Kven har engasjement for kva?
- Kven har kva slags evner, ferdigheiter, erfaringar og perspektiv?
- Korleis kan vi inkludere fleire?
- Kva slags relasjonar, nettverk og grupper i lokalsamfunnet kan vi spele på?
- Kva slags materielle og økonomiske ressursar finst der?

Kvar er utfordringane?

- Kven er i spesielt utsette livssituasjonar?
- Kven er utestengde frå fellesskap?
- Korleis kan kyrkja bidra til at folk og lokalsamfunn opptre berekraftig?
- Kva slags globale utfordringar kan man gjere noko med lokalt?
- Korleis prioriterer vi?
- Korleis kan vi involvere breitt til ein samtale om desse utfordringane?



NESTEKJÆRLEIK

Kyrkja vil inspirere til eit liv i nestekjærleik. Folk er gjensidig avhengige av kvarandre. Nestekjærleik i praksis handlar både om små, enkle handlingar og om store, krevjande tiltak.

Alle menneske treng å bli møtte med nestekjærleik, både i glede og i sorg. I krisesituasjonar og vanskelege periodar er dette behovet ekstra stort. Her har alle – både enkeltmenneske, kyrkjelydsfelleskap og institusjonar – eit ansvar. Enkelte utfordringar krev spesialkompetanse og særleg organisering i tillegg til det som kan ytast på det mellommenneskelege planet. Det er ikkje alltid mogleg å endre vanskelege livssituasjonar. Av og til er oppgåva til diakonien å vere til stades, hjelpe eit menneske til å leve med smerta, tole at den andre lir, og gå ein del av vegen saman.

Kommunane står overfor komplekse utfordringar utan nødvendigvis å ha ressursar som står i forhold til desse. Lokale organisasjonar og næringslivet kan inviterast til sosial innovasjon ved å bidra til løysingar gjennom fornya sosial praksis. Det frivillige arbeidet er ein viktig ressurs for kommunane. Her kan kyrkjelydar og institusjonar vere viktige medspelarar lokalt, i samhandling med kommunen. Barn og unge blir ekstra utsette når omsorgspersonar har problem. Samlivsbrot, inntektstap, sjukdom og død er nokre døme på livssituasjonar som utfordrar oss til handling. Når nokon dør heime i staden for på institusjon, kan dei lokale behova for kvalifisert sjelesorgsarbeid ved livets slutt bli større.

Sjølv om vi menneske er skapte til nestekjærleik, lever vi det ikkje alltid ut. Dersom vi set namn på det som hindrar oss i å vise nestekjærleik i praksis, til dømes usikkerheit, frykt, egoisme, likegyldigheit og forakt, kan vi lettare gjere noko med det.

I den lokale planen kan ein konsentrere seg om forkynninga, slik at nestekjærleik jamleg er tema i preika og i andakter for alle aldersgrupper. I planen for trusopplæring kan kyrkjelyden ha konkrete mål for både kunnskap og handling innanfor dette feltet.

Mange har behov for stillheit, kvile og langsamheit. Kyrkja kan leggje til rette for mellom anna retreat, stille rom, opne kyrkjer og pilegrimsvandringar. Artiklar og reportasjar i kyrkjelydsblad, i lokalaviser og på nett kan knytast til nestekjærleik.

Spørsmål til refleksjon:

- Korleis kan arbeidet vårt bli prega av nestekjærleik?
- Kven er nesten vår i lokalmiljøet?
- Korleis kan vi sjå alle i lokalmiljøet?
- På kva måte kan vi oppmuntre kvarandre til å vise nestekjærleik?
- Korleis kan holdningar bli påverka?

Sjelesorg står sentralt i diakonien. Mange ønskjer å ha høve til å samtale om eksistensielle spørsmål. Derfor er det viktig at kyrkja held fram med å byggje ut samtaletilbod og møteplassar lokalt. I samarbeid med ulike aktørar møter kyrkja pårørande og etterlatne. For å sikre at ein har nok ressursar og god beredskap, må ein ha lokale planar til bruk ved kriser, ulykker og katastrofar. Slike planar skal samordnast med planane og ressursane til bispedømmet.

Etiske problemstillingar rundt abort og bioteknologi utfordrar kyrkja. Kyrkja må halde fram menneskeverdet i samtalar om bioteknologi og funksjonsnedsetjingar, leggje til rette for eit mangfaldig fellesskap og problematisere rangeringa av kva som er eit verdig liv. Samtidig er det viktig at kyrkja møter menneske i sårbare situasjonar med både nestekjærleik, klokskap og profesjonalitet. Eit godt samarbeid med helsevesenet er avgjerande.

Vald rammar fleire enn ein trur. Både seksuell vald, anna fysisk vald og psykisk vald set djupe spor i eit menneske og rammar både familiar og lokalsamfunn hardt. Kyrkja har saman med ulike aktørar ansvar for å førebyggje, avdekkje og kjempe mot vald og overgrep. Det er utvikla rettleiingshefte til bruk ved mistanke om eller skuldinger mot frivillige og tilsette om overgrep. Kyrkja kan bidra i lokalsamfunnet ved å formidle kunnskap og vise forståing. Kyrkjelyden kan bidra til at både barn og vaksne veit kven dei skal kontakte når dei treng hjelp. Det er utvikla kurs og materiell for å heve kompetansen på dette feltet.



INKLUDERANDE FELLESSKAP

Eit grunnleggjande aspekt i den kristne trua er at vi menneske er skapte til fellesskap. Å styrkje banda mellom folk og knyte nye band der forhold er øydelagde, er ei diakonal utfordring.

I gode fellesskap er det rom både for å yte og for å ta imot. Gode fellesskap inkluderer og har plass til eit mangfald av menneske og livserfaringar.

Tradisjonelle relasjonsmønster og fellesskapsformer er i endring i alle aldersgrupper. Auka migrasjon kan føre til kulturelle endringar lokalt. Einsemd og mangel på tilhøyrslar mange. Samtidig blir det etablert nye fellesskapsformer, mellom anna gjennom digitale medium.

Det er viktig med lokale tiltak før, under og etter gudstenesta. Språkleg variasjon i liturgi og salmar, universell utforming og anna tilrettelegging er nødvendig for å spegle samfunnet. Dei kulturelle aktivitetane i kyrkja skal formidle håp, meining og ei oppleving av tilhøyrslar. Kyrkjelyden sine fellesskap for barn og unge skal gi grunnlag for livsmeistring og ha plass til dei unges liv og erfaringar. Det å ha ulike stader å møtast på tvers av generasjonane skaper fellesskap. Nye møteplassar kan bidra til at fordommar og stereotype meiningar blir bygde ned.

Forsoningsarbeid er ei viktig oppgåve for kyrkja og kyrkjelydane. Det handlar om å gjenopprette brotne relasjonar. Det kan dreie seg om forhold mellom

enkeltpersonar, forhold mellom grupper i eit lokalmiljø og forhold mellom etniske grupper eller land.

Noreg er bygd på territoriet til to folk – samar og nordmenn, jf. Grunnlova § 108. Fornorskinga av samane har skapt djupe sår som enno ikkje har grodd. Kyrkja si rolle i denne historia utfordrar til eit forsoningsarbeid som synleggjer og tek vare på det samiske mangfaldet. Retten samane har til sitt eige språk, si eiga historie, sitt eige kulturelle uttrykk, næringsverksemd og medråderett, må vere sentral også i det diakonale arbeidet til kyrkja. Ved å ta verkelegheitsforståinga og livet til samane på alvor skaper ein rom for å styrkje den samiske identiteten.

Spørsmål til refleksjon:

- Kven manglar fellesskap, kven fall utanfor i lokalmiljøet vårt?
- Er dei eksisterande fellesskapa opne og inkluderande?
- Er gudstenesta og andre fellesskap tilrettelagde for personar med funksjonsnedsetjingar eller med ein annan kulturell eller språkleg bakgrunn?
- Kva er til hinder for fellesskap, og korleis kan vi gjere noko med desse hindringane?
- Korleis møter vi framandfrykt og polarisering?

VERN OM SKAPARVERKET

Klimakrisa er akutt. Konsekvensane blir tydelegare over heile jorda og skaper frykt og usikkerheit hos mange. Samtidig blir det biologiske mangfaldet svekt svært raskt. Både klimaendringane og tapet av biologisk mangfald er i stor grad menneskeskapte. Den nødvendige omstillinga til meir berekraftig produksjon og forbruk går for sakte. Dei som lever nær naturen, merkar klimaendringane først og sterkast. Folk som lever i fattigdom og i utsette område, blir hardest ramma. Samtidig er klimaendringane noko som gjeld oss alle.

Med utgangspunkt i lokale og globale utfordringar er det mange måtar å auke livskvaliteten på samtidig som vi minskar klimafotavtrykket. Berekraftsmåla kan vere ei felles plattform i samarbeid med andre. «Grøn kyrkjelyd» er eitt av mange tiltak. Det kan gi inspirasjon og idear til mange av arbeidsfelta til kyrkja. Ein grøn kyrkjelyd er ein del av kyrkja sitt program for miljøeiing saman med grøne fellestråd og andre miljøsertifiserte einingar. I tillegg til det haldningsbyggjande arbeidet legg denne ordninga til rette for eit målretta arbeid for å redusere kyrkja sitt eige klimafotavtrykk.

Gudstenesteliv, salmar og forkynning kan bidra til at folk ser seg sjølv i samanheng med skaparverket. Trusopplæringa kan utfordre barn, unge og familiane deira til endring når det gjeld forbruk, miljø og rettferd. Det kan gjerne skje i samarbeid med barne- og ungdomsorganisasjonar. Ved å tilby handlingsalternativ kan kyrkja ta engasjementet til barn og unge og frykta dei har for framtida, på alvor.

Naturen er for mange ein god stad for undring, kvile og glede over skaparverket. Pilegrimstradisjonen kan gi oss tilbake verdiar som oppbrot, enkel livsførsel, langsamheit, stillheit og vilje til å dele.

Spørsmål til refleksjon:

- Korleis kan vi arbeide med ei bibelsk og kontekstuell forståing av Guds skaparverk og mennesket som del av det?
- Korleis kan vi bidra til at enkeltmenneske og lokalsamfunn handlar berekraftig?
- Korleis kan vi løfte fram alternativ til ideala og livsstilen til forbrukersamfunnet?



KAMP FOR RETTFERD

Jesus valde å stå på dei fattige og utstøyte si side og kritisere dei rike og mektige. Kyrkja kan altså ikkje stille seg likegyldig til folk som kjempar for å overleve. Kyrkja er kalla til å utfordre urett og maktmisbruk. Kyrkja må kjempe for rettferd og solidaritet saman med dei som er ramma av fattigdom og urett. Diakoni handlar ikkje berre om å hjelpe. Det handlar òg om kampen for eit samfunn der alle behandlar kvarandre som reelt likeverdige. Diakoni handlar om å myndiggjere folk og ruste folk til å stå opp for rettferd for seg sjølv og andre og til å bidra til å skape eit inkluderande og demokratiske samfunn.

Globale utfordringar er blitt lokale. Utfordringar knytte til klimaendringar, fattigdom, krig, undertrykking,

menneskehandel og flukt påverkar òg lokalmiljøet. Den økonomiske ulikskapen aukar i Noreg som elles i verda og rammar enkeltmenneske hardt. Ulikskap kan òg føre til polarisering, svekkje tilliten mellom folk og utfordre samfunnskontrakten. Gjennom kyrkjelege handlingar kjem kyrkjelyden i kontakt med folk som opplever urett eller utanforskap, og blir utfordra av aukande forskjellar mellom grupper i lokalsamfunnet.

Kyrkja kan, både i si eiga verksemd og i lokale samarbeidstiltak, prøve å skape arenaer som er tilgjengelege for alle, uavhengig av økonomi. Tiltak for å hjelpe utsette familiar eller tiltak retta mot flyktningar kan vere med på å motverke utanforskap og skilje mellom menneske. Samtidig gir slike tiltak

kyrkja verdifull kompetanse, slik at ho blir ei truverdig stemme mot urett i det offentlege rommet.

Dei fleste kyrkjelydar gir konfirmantar og andre høve til å vise global solidaritet gjennom den årlege fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp. Misjonsavtalar eller anna vennskapssamarbeid knytter kyrkjelydsmedlemmer saman med personar i den globale kyrkja. Kyrkjelydar, fellesråd eller prosti kan òg gå saman om å utforske korleis kyrkjelydane kan bidra til global rettferd, til dømes gjennom «slavefrie fellesskap» i innkjøp og bruk av tenester som oppussing, catering og reinhald.

Kyrkjelyden kan gjerne samarbeide med næringslivet om berekraftsmåla. Det kan handle om alt frå å redusere plastavfall til å utforske om bedrifter oppfyller menneskerettane i si eiga verksemd og i leverandørkjeda. Gjennom kyrkja får folk høve til å bli møtt og lytta til, dei kan få hjelp til å tolke livet og samfunnet og finne handlingsalternativ mot urett og kriser, og dermed er kyrkja med på å gi folk håp. Oppgåva til kyrkja er å skape fellesskap som både tek vare på folk og utfordrar dei, og å formidle håp om ei betre framtid i både ord og handling.

Spørsmål til refleksjon:

- Korleis kan vi bidra til å setje urett på dagsordenen?
- På kva måte kan kyrkjelyden bruke kompetansen sin og erfaringa si til å utfordre avgjerdestakarar?
- Korleis kan kyrkja bli ei effektiv stemme for rettferd i det offentlege rommet?
- Kva kan kyrkjelyden gjere heilt konkret i kampen mot moderne slaveri eller brot på menneskerettane?
- Korleis kan kyrkjelyden vere ein relevant samarbeidspartnar for kommunen i arbeidet med å hindre at den økonomiske ulikskapen aukar?
- Kva kan vi gjere saman i kampen mot fattigdom og brot på menneskerettane andre stader i verda?





KAPITTEL 5

FRIVILLIG ARBEID, ANSVAR OG LEIING

I kyrkjelyden er den samla erfaringa stor. Det er viktig for kyrkja at folk som oppsøker henne, ikkje berre blir tenestemottakarar, men òg kan bli involverte og ta del i fellesskapet. Ein del av oppdraget til kyrkja er nettopp å gi rom for det, uavhengig av om folk er medlemmer eller ikkje.

Bevisst tenking omkring frivillig arbeid, fornuftige rammer og god leiing er avgjerande for å kunne ta godt vare på dei frivillige, utløyse engasjement og skape stabilitet og kvalitet i arbeidet. →

LOKALT PLANARBEID I KYRKJELYDEN

Planane er verktøyet til heile kyrkjelyden og må derfor vere tilgjengelege for alle. Soknerådet har ansvar for planarbeidet, men kan delegere arbeidet til eit utval eller ei arbeidsgruppe. Dei tilsette har òg ei rolle i dette arbeidet. Soknerådet vedtek lokale planar og sender dei til kyrkjeleg fellesråd. Planane bør dessutan sendast til aktuelle samarbeidspartnarar. Ein føresetnad for at ein plan skal bli gjennomført, er at han blir følgd opp med eit budsjett og ein strategi.

I alt planarbeid i kyrkjelyden er det eit mål å tenkje tverrfagleg. Arbeidet med trusopplæring, gudstenester, kyrkjemusikk og kultur blir styrkt ved å knyte det til det diakonale. På same måten kan diakonale tiltak styrkjast gjennom tverrfagleg tenking.



Soknerådet har ansvar for at diakonien blir innarbeidd og utvikla i soknet (Kyrkjeordninga §12). I kyrkjelydar med eige diakoniutval speler dette ei viktig rolle. Utvalet blir oppnemnt av soknerådet. Soknerådet vedtek planar og kan dessutan vedta satsingsområde og fastsetje den diakonale profilen til kyrkjelyden. Soknerådet har eit særleg ansvar for det frivillige arbeidet og samspelet med lokale lag og foreiningar.

Diakonen leier diakonitenesta i kyrkjelyden og har medansvar for å rekruttere, ruste og rettleie dei frivillige medarbeidarane. Diakonen har plikt til å følgje planane og prioriteringane som soknerådet fastset i samråd med kyrkjeleg fellesråd, innanfor dei planane og programma som er fastsette for diakonitenesta i Den norske kyrkja.

Fellesrådet har som regel arbeidsgivaransvar og har eit overordna ansvar for å bestemme økonomiske rammer, organisering og leiarstruktur for dei som arbeider innanfor diakoni. Fellesrådet skal bidra til å samordne verksemdsansvaret til soknerådet og arbeidsgivaren sitt ansvar for dei tilsette. Gjennom ansvaret for overordna mål og planar skal fellesrådet innarbeide og prioritere diakonal verksemd i budsjettarbeidet og fremje diakonale satsingar overfor kommunane (Kyrkjeordninga § 17).

Kyrkjevevja og dagleg leiar har arbeidsgivaransvaret i det daglege og skal mellom anna bidra til prioritering, rammevilkår og høve til utvikling for dei som arbeider innanfor diakoni.

Soknepresten har som medlem av soknerådet ansvar for at diakonien blir innarbeidd og utvikla i soknet. Soknepresten har eit særleg ansvar for å integrere diakonien i oppgåvene som er formulerte i tenesteordninga for sokneprestar § 2.

Prosten ser til at prestetenesta integrerer diakonien i oppgåvene som er formulerte i tenesteordninga for sokneprestar § 2. Prosten skal òg innsetje diakon og medverke ved vigsling av diakon.

Bispedømmerådet har ansvar for at diakonien blir innarbeidd i kyrkjelydane i samsvar med dei nasjonale strategiane. Bispedømmerådet fordeler midlar til stillingar i diakoni.

Biskopen vigslar diakonar og fører tilsyn med dei tilsette og dei kyrkjelege råda i bispedømmet og skal mellom anna rettleie og oppmuntre til diakonal innsats i tråd med dei nasjonale strategiane.

Kyrkjerådet og *Kyrkjemøtet* førebur og bestemmer strategiar for det diakonale arbeidet på nasjonalt nivå.

Samisk kyrkjeråd har ansvar for å fremje, verne og samordne samisk kyrkjeliv i Den norske kyrkja og vareta urfolksspørsmål på vegner av Den norske kyrkja.

FRIVILLIG ARBEID

På den eine sida handlar god organisering av det frivillige arbeidet om å leggje til rette slik at ressursar og engasjement blir teke i bruk hos alle som vil bidra. Ein må òg leggje meir vekt på kompetanse i det frivillige arbeidet og i leiinga av det frivillige arbeidet i råd, utval og stabar. På den andre sida handlar god organisering om å ha rammer og rutinar som bidreg til tryggleik og god etisk praksis, og sørge for å kommunisere om kyrkja på ein slik måte at folk blir motiverte til å bidra.

God leiing av frivillig arbeid legg til rette for at mangfald, ressursar og eigenskapar kjem til sin rett, og for godt samspel mellom dei frivillige og mellom dei frivillige og dei tilsette. Vanlegvis er det soknerådet som har ansvar for å organisere dei frivillige medarbeidarane. Arbeidsgivaren kan leggje til rette for at dei tilsette kan konsentrere seg om å rekruttere og følge opp frivillige, og vise forståing for at dette tek tid.

På same måten som motiva for å engasjere seg som frivillig kan variere, har folk ulike evner, eigenskapar og ønske om medverknad. Enkelte frivillige har spesialisert kompetanse eller leiareigenskapar, andre ønskjer primært å gjere avgrensa praktiske oppgåver. Andre igjen er opptekne av å vere med der avgjerder blir tekne.



Ei vanleg tilnærming til frivillig arbeid er å ta utgangspunkt i oppgåver som skal løysast. Ein kan òg ta utgangspunkt i enkeltmennesket med hans eller hennar motivasjon, evner og ressursar og leggje til rette for at dette engasjementet kan få utfalde seg. Det betyr at den enkelte kan få bruke seg sjølv, ideane sine og dei

personlege ressursane sine. Ei slik tilnærming kan vere med på å skape sterkare tilhøyrslø og gi opphav til nye diakonale initiativ. I praksis vil det seie at aktivitetsmangfaldet i ein kyrkjelyd spring ut frå dei personane og ressursane som finst i fellesskapet, ikkje frå eit sett av oppgåver som skal løysast.

Sist oppdatert 30. april 2021

REVIDERT UTGÅVE 2020

Foto på s. 10 av Phoenix Design Aid, alle andre av Bo Mathisen.



DEN NORSKE KYRKJA